

Årsmelding Interimstyret for Vestland Venstre 2018-19

Årsmøta i Hordaland Venstre og Sogn og Fjordane Venstre i 2018 vedtok å utpeike eit interimsstyre for Vestland Venstre. Interimstyret har i perioden frå 2018 fram til det fyrste fylkesårsmøtet i Vestland Venstre 8.-9. februar 2020 hatt ansvaret for å førebu og gjennomføre samanslåinga.

I perioden 1. januar 2020 til 8. februar 2020 er interimstyret også fungerande fylkesstyre for Vestland Venstre – i og med at dei to gamle fylkeslaga var nedlagde frå årsskiftet 2019/20.

Interimsstyret har vore sett saman slik: Alfred Bjørlo (leiar), Åsta Årøen (Hordaland Venstre), Trude Risnes (Sogn og Fjordane Venstre), Daniel Gangeskar (UV) og Kari Østervold Toft (Venstrekvinnelaget). Gro Gjelsvik og Linda Ness Rotihaug har vore sekretærar for utvalet.

Interimsstyret hadde sitt første møte i mai 2018 og la deretter fram eit arbeidsdokument som dekkja heile perioden fram til det fyrste fylkesårsmøtet i februar 2020. Dette arbeidsdokumentet vart gjennomgått og godkjent på eit felles styremøte med Sogn og Fjordane Venstre 24. juni 2018.

Dokumentet har vore grunnlaget for interimstyret sitt arbeid i perioden, og er vedlagd årsmeldinga.

Utvalet har hatt seks møte i 2018 og 2019, i tillegg til løpande kontakt pr epost. Møta har dels vore fysiske, dels pr tlf/video.

Den viktigaste oppgåva for interimstyret i 2019 har vore å førebu alt som må vere på plass til det fyrste fylkesårsmøtet til Vestland Venstre – herunder å avgjere tid og stad for årsmøtet, utpeike valnemnd, stå for innkalling og all førebuing av sakspapir og gjennomføring av møtet. Interimstyret har også vore ansvarlege for å utarbeide framlegg til budsjett og Handlingsplan for Vestland Venstre for 2020, framlegg til vedtekter etc.

Interimstyret har sett til at valkampen 2019 for Vestland Venstre vart gjennomført som ein felles valkamp, men har ikkje vore ansvarlege for sjølve det praktiske og strategiske arbeidet knytt til valkampen. Valkampen var vore styrt gjennom fylkesstyra i dei gamle fylka, samt eit eige felles valkamputval.

Interimstyret har hatt ansvar for all praktisk gjennomføring av nedlegging av dei gamle organisasjonane og oppretting av ein ny organisasjon for Vestland Venstre, og hatt løpande dialog med Venstres Hovudorganisasjon undervegs.

Interimstyret har vore ansvarlege for å skissere prosess for nominasjonen til Stortingsvalet i 2021 – der Sogn og Fjordane og Hordaland enno er separate valkrinsar.

Interimstyret har frå 1.1.2020 vore fungerande fylkesstyre for Vestland Venstre. Dette har mellom anna medført at Interimstyret vart kontaktpunkt inn mot Venstre sentralt på vegne av nye Vestland Venstre i samband med endringane i regjeringa, m a gjennom deltaking på landsstyremøte pr tlf og koordinering av innspel frå lokallaga i Vestland i samband med ny regjeringskabal.

Nordfjordeid, 28. januar 2020

Alfred Bjørlo, leiar i Interimstyret

Vedlegg: Arbeidsplan for interimsstyret frå 2018 og Oversikt over vedtak i samanslåingsprosessen

Interimstyret for Vestland Venstre - arbeidsdokument

Versjon 1 - juni 2018

Dette dokumentet er ei overordna skildring av arbeidsoppgåver og tidsplan i arbeidet til Interimstyret i Vestland Venstre. Dokumentet er utarbeidd av Interimstyret i mai/juni 2018, og blir sendt til fylkesstyra i Hordaland og Sogn og Fjordane Venstre for godkjenning.

Bakgrunn

Stortinget har etter tilråding frå Fylkestinga i Hordaland og Sogn og Fjordane gjort vedtak om å slå saman dei to fylka til eitt nytt fylke (Vestland fylke) frå 1. januar 2020.

Fylkeslaga i Hordaland og Sogn og Fjordane Venstre gjorde på bakgrunn av dette likelydande vedtak på årsmøtet 2018 om samanslåing av fylkeslaga til Vestland Venstre frå 2020. Årsmøtet i februar 2020 vert det første årsmøtet for det nye fylkeslaget.

Fram til 2020 skal Sogn og Fjordane Venstre og Hordaland Venstre halde fram som to fylkesorganisasjonar med skild økonomi og kvart sitt styre, men det vart på årsmøta i 2018 vedteke å setje ned eit **Interimstyre for Vestland Venstre** som skal førebu og vere ansvarlege for samanslåinga til Vestlandet Venstre i perioden frå fylkesårsmøta 2018 fram til det fyrste årsmøtet for Vestland Venstre i februar 2020. Dette er i tråd med tilrådinga frå Venstre sentralt om prosessen med samanslåing av fylkeslag.

Interimstyret - samansetjing

Fylkesårsmøta i februar 2018 vedtok at Interimstyret for Vestland Venstre skal setjast saman slik: Ein leiar frå Sogn og Fjordane, fylkesleiar eller nestleiar frå begge fylkeslaga, 1 representant frå Unge Venstre og 1 representant frå Venstrekvinnelaget. Til saman 5 medlemmer.

Etter at fylkesstyra og sideorganisasjonane i mars/april 2018 peika ut medlemmer i tråd med vedtaka på fylkesårsmøta, er samansetjinga av Interimstyret som følger:

Alfred Bjørlo, leiar av Interimstyret

Åsta Årøen, Hordaland Venstre

Trude Risnes, Sogn og Fjordane Venstre

Kari Østervold Toft, Venstrekvinnelaget

Daniel Gangeskar, Unge Venstre

Interimstyret hadde sitt fyrste møte 24. mai 2018. Fylkessekretær i Hordaland Venstre, Gro Gjelsvik, deltok på møtet som sekretær/referent.

Interimstyret - mandat og oppgåver

I rettleiinga frå Venstre nasjonalt om samanslåing av fylkeslag, er interimsstyret sine ansvarsoppgåver sett opp slik:

- *igangsette en felles nominasjonsprosess frem mot fylkestingsvalget i 2019*
- *igangsette arbeidet i en felles valgkomité for nytt fylkesstyre*
- *arrangere felles fylkesårsmøter*
- *økonomi for det nye fylkeslaget i tidsrommet 1. januar i det året fylkene formelt er slått sammen, frem til et nytt styre er valgt*
- *legge frem budsjettforslag til første årsmøte*
- *søke partifinansiering på vegne av det nye fylkeslaget*

I den felles saksutgreiinga til Hordaland Venstre og Sogn og Fjordane sine fylkesårsmøte i 2018, er det gjeve følgjande føringar for interimstyret sine ansvarsoppgåver:

- *ha hovudansvaret for å koordinere samanslåinga*
- *utarbeide felles vedtekter frå 2019*
- *planleggje felles valkamp for 2019*
- *førebu eit endeleg vedtak i februar 2019 om samanslåing av fylkeslaga til Vestlandet Venstre, med verknadsdato og rekneskapsdato frå 01.01.2020.*

Interimstyret - framlegg til arbeidsdokument

Interimstyret meiner at verken rettleiinga frå Venstre sentralt eller føringane i den felles saka til fylkesårsmøta i 2018 gir eit presist nok grunnlag for interimstyret sitt arbeid. Det er også nødvendig å rydde opp i grensdraginga mot andre organ i fylkeslaga (sitjande fylkesstyre, nominasjonsnemnd, programnemnd etc).

Vi vil difor starte vårt arbeid med å ta utgangspunkt i følgjande tilråding i rettleiinga gitt av Venstre sentralt:

"Interimsstyret har i oppgave å (vei)lede fylkene igjennom sammenslåingsprosessen. Interimsstyret bør legge frem et arbeidsdokument som skisserer hvordan de har tenkt å følge opp denne prosessen. Dette dokumentet bør legges frem for fylkenes styrende organer, for å forankre prosessen."

Vi vil med dette legge fram for fylkesstyra følgjande framlegg til arbeidsdokument for Interimstyret i Vestland Venstre, ut frå vårt overordna ansvar for å leie og rettleie fylka gjennom samanslåingsprosessen:

Oppgåve	Status pr juni 2018	Vidare framdrift/ansvar
<i>A. Nominasjon til fylkestingsvalet 2019</i>	<i>Eiga nominasjonsnemnd sett ned av fylkesårsmøta. Er i arbeid.</i>	<i>Interimstyret tilrår at fylkesstyra snarast fastset dato for nominasjonsmøtet.</i>
<i>B. Vedta program for fylkestingsvalet 2019</i>	<i>Programnemnd sett ned av fylkesstyra. Har så vidt starta arbeidet.</i>	<i>Interimstyret tilrår at første utkast til fylkesprogram ligg føre føre nominasjonsmøtet, og at programmet blir vedteke på felles fylkesårsmøte i februar 2019</i>
<i>C. Organisering av valkamp 2019</i>	<i>Ansvar ikkje avklart</i>	<i>Interimstyret ber om at fylkesstyra snarast avklarer om dei ønskjer eit felles valkamputval, eller separate valkamputval i kvart fylke. Interimstyret tilrår at det blir etablert eit felles valkamputval. Dette er den vanlege modellen elles i landet der fylkeslag no blir slegne saman, og tilrådd løysing frå VHO. Interimstyret bør uansett ikkje ha rolla som operativt valkamputval, slik det kan tolkast ut av vedtaka på fylkesårsmøta i februar 2018.</i>
<i>D. Vedtekter for nye Vestland Venstre</i>	<i>Interimstyret har gått gjennom vedtektene for dei to fylkeslaga, sett på likskaper og skilnader og samanlikna med Venstres standarvedtekter.</i>	<i>Oppgåve for interimstyret i 2019. Interimstyret utarbeider innan ein viss dato, t d 1/11 2019, utkast til vedtekter for nye Vestland Venstre for vedtak på det fyrste årsmøtet i februar 2020. Desse blir då gjeldande frå 2021. I samband med innkalling og gjennomføring av fylkesårsmøtet i 2020 er det Venstres normalvedtekter som gjeld.</i>
<i>E. Felles valkomité for fylkesstyre i nye Vestland Venstre frå 2020</i>	<i>Ikkje påbegynt</i>	<i>Interimstyret kjem med innstilling til slik valkomite til årsmøta i 2019</i>
<i>F. Førebu alle andre nødvendige vedtak på fylkesårsmøta i februar</i>	<i>Ikkje påbegynt</i>	<i>Oppgåve for interimstyret hausten 2018. Alle sakspapir og framlegg til vedtak må vere klare 1.1.2019.</i>

<i>2019 om samanslåing av fylkeslaga, med verknadsdato og rekneskapsdato frå 01.01.2020.</i>		<i>(Sjå også pkt D og E, som er del av dette arbeidet)</i>
<i>G. Setje opp budsjett for 2020</i>	<i>Ikkje påbegynt</i>	<i>Oppgåve for interimstyret i 2019. Herunder også avklare storleik på sekretariatsressurs, og framtidig arbeidssituasjon for dagens tilsette i dei to fylkeslaga.</i>
<i>H. Kalle inn til/arrangere årsmøte i 2020</i>	<i>Ikkje påbegynt</i>	<i>Oppgåve for interimstyret i 2019</i>
<i>I. Søke partifinansiering for 2020</i>	<i>Ikkje påbegynt</i>	<i>Oppgåve for interimstyret i 2019</i>
<i>J. Fungere som styre (herunder økonomisk ansvar) for Vestland Venstre frå 1.1.2020 fram til nytt styre er valt på fylkesårsmøte i februar 2020</i>	<i>Ikkje påbegynt</i>	<i>Oppgåve for interimstyret i januar/februar 2020.</i>

Interimstyret legg opp til å nytte dei tilsette sekretæranne i Hordaland og SFj Venstre til møtesekretariat og andre oppgåver vi treng bistand til undervegs. Det er også utpekt eigen kontaktperson i VHO for å bistå i arbeidet med samanslåing av fylkeslag (Fredrik Carstens).

Det er ønskeleg at Interimstyret får disponere midlar til møteaktivitet, reiser etc frå rammene Fellesnemnda for nye Vestland Fylke har sett av til politisk arbeid i 2018/19. Styra i SFj Venstre og Hordaland Venstre må avklare dette snarast råd.

Framlegg til vedtak i fylkestyra i Hordaland og Sogn og Fjordane Venstre:

1. Fylkestyret godkjenner arbeidsdokumentet til interimstyret pr juni 2018. Fylkestyret går i dialog med fylkestingsgruppene om å setje av økonomiske ressursar til Interimstyret sitt arbeid i 2018 og 2019.

Oversikt over vedtak i samanslåingsprosessen - Vestland Venstre

1. I dei separate årsmøta i februar 2018 blei følgjande behandla og vedteke:

ÅM16 Vedtak av intensjon om samanslåing med Sogn og Fjordane Venstre

(Tilsvarende sak og vedtak for Sogn og Fjordane Venstre)

Fylkesstyret hadde saman med styret i Sogn og Fjordane Venstre kome med følgjande forslag til vedtak i saka:

1. Årsmøtet sluttar seg til intensjonen om å slå saman fylkeslaga.
2. Årsmøtet gir interimsstyret oppdraget med å forberede eit endeleg vedtak i februar 2019, om samanslåing av fylkeslaga til Vestlandet Venstre, med verknadsdato og rekneskapsdato frå 01.01.2020.
3. Årsmøtet sluttar seg til etableringa av felles program- og nominasjonsnemnd.
4. Årsmøtet sluttar seg til at det vert arrangert felles program møte og felles nominasjonsmøte for begge fylkeslaga.

Sogn og Fjordane Venstre hadde årsmøte samtidig med vårt og skulle same dag gjere likelydande vedtak.

Under handsaminga i Sogn og Fjordane kom det opp to korte tilleggsforslag som begge blei vedteke av årsmøtet deira. Tilsvarende måtte også handsamast i vårt årsmøte.

Forslag til nytt punkt 5: «Fylkesårsmøta i 2019 tek stilling til korleis nominasjonen til Stortingsvalet i 2021 vert gjennomført.»

Forslag til nytt punkt 6: «Hordaland Venstre legg til grunn at vedtektene vert på nynorsk»

Punktvis votering.

Alle punkta i samanslåingssaka blei vedteke.

2. I dei separate årsmøta i Jølster i februar 2019 blei dette intensjonsvedtaket bekrefta.

ÅM-4 Etableringen av Vestland Venstre - endelig vedtak om sammenslåing

(Tilsvarende sak og vedtak for Sogn og Fjordane Venstre)

Interimstyret sitt forslag til vedtak i Hordaland Venstre sitt separate møte:

1. Hordaland Venstre slår seg sammen med Sogn og Fjordane Venstre til Vestland Venstre med virkning fra 1. januar 2020. Eiendelene til Hordaland Venstre blir overdratt til Vestland Venstre.
2. Interimstyret for Vestland Venstre kaller inn til det første fylkesårsmøtet i Vestland Venstre. Møtes skal holdes innen 15. februar 2020.

Ingen ønsket ordet til saken og ingen hadde motforestillinger.

Begge punkt vedtatt enstemmig ved akklamasjon

3. I det felles årsmøtet i Jølster i 2019 ble det gjort vedtak i følgende saker:

Sak 7. Eventuell tilleggskontingent for 2020

Vedtaks sak

Interimsstyret er om eit år ansvarleg for å komme med budsjettforslag for 2020, men allereie i år må det gjerast vedtak om eventuell tilleggskontingent i 2020. Medan Sogn og Fjordane Venstre ikkje har pleidd å ha tilleggskontingent, har Hordaland Venstre dei seinare åra hatt tilleggskontingent på 100 kr for ordinære medlemmer.

Forslag til vedtak:

Det blir fastsett ein tilleggskontingent på 75 kroner for Vestland Venstre i 2020.

Vedtak: Årsmøtet vedtok ein tilleggskontingent på **kr 100** for 2020.

Sak 8. Val av valnemnd

Vedtaks sak

Val av medlemmer til valnemnd for fylkesårsmøtet i Vestland Venstre 2020

Innleiing ved Alfred Bjørlo, leiar av interimsstyret

Forslag til vedtak:

Fylkesstyra i Sogn og Fjordane og Hordaland Venstre får fullmakt til å gjere framlegg om kandidatar til ei valnemnd for nye Vestland Venstre innan 1. mai 2019. Interimstyret for Vestland Venstre gjer ut frå dette formelt vala av valnemnd innan 1. juli 2019, og ber valnemnda konstituere seg og starte arbeidet innan 1. oktober 2019.

Vedtak: Forslag til vedtak godkjend utan merknader.

Sak 9. Val av redaksjonsnemnd for politiske fråsegner på årsmøtet i 2020

Vedtaks sak

Forslag til vedtak:

Fylkesstyra i Sogn og Fjordane og Hordaland Venstre får fullmakt til å gjere framlegg om kandidatar til redaksjonsnemnd til årsmøtet i 2020. Interimstyret for Vestland Venstre gjer ut frå dette formelt val av redaksjonsnemnd innan 1. oktober 2019.

Vedtak: Forslag til vedtak godkjent utan merknader.

Sak 10. Nominasjonsprosess føre Stortingsvalet 2021

Vedtaks sak

Forslag til vedtak:

Orienteringa frå interimstyret vert teken til vitande. Fylkesårsmøtet i Vestland Venstre 2020 gjer vedtak om det skal vere felles liste eller separate lister til Stortinget for stortingsvalkrinsane Sogn og Fjordane og Hordaland i 2021, og fastset ut frå det vidare prosess for nominasjonsarbeidet.

Tilleggsforslag:

«Ved røystinga må det røystast separat i begge valkrinsane (Sogn og Fjordane og Hordaland). Begge valkrinsane må fatte vedtak om felles liste for at dette skal kunne gjennomførast.»

Vedtak: Forslag til vedtak med tilleggsframlegg godkjend utan merknader.